

**Til Noregs Bank**

17.06.2022

**Tilråding om å utelukke Cognyte Software Ltd frå Statens pensjonsfond utland**

## Samandrag

Etikkrådet tilrår å utelukke Cognyte Software Ltd (Cognyte) frå Statens pensjonsfond utland, på grunn av ein uakseptabel risiko for at selskapet medverkar til grove menneskerettsbrot. Tiltrådinga gjeld menneskerettsbrot som kan vere mogeleggjort av selskapet sine produkt og tenester.

Cognyte er eit israelsk selskap som leverer programvare innan overvaking. Cognyte var tidlegare ein del av Verint Systems (Verint), men vart etablert som eit sjølvstendig selskap i 2021. Selskapet er børsnotert på Nasdaq-børsen i USA. Ved utgangen av 2021 eigde SPU aksjar for 79 millionar norske kroner i selskapet, tilsvarande en eigardel på 0,87 prosent.

Basert på offentleg tilgjengeleg informasjon meiner rådet at Cognyte sine produkt og tenester kan ha mogeleggjort grove normbrot. Selskapet yt skreddarsydde teknologiske løysingar samt opplæring, service og vedlikehald. Fleire av statane som skal vere blant selskapet sine kundar, er skulda for svært grove menneskerettsbrot inkludert bortføring, tortur og andre former for mishandling retta mot sårbare grupper inkludert seksuelle minoritetar. Skuldingane er omfattande og har vorte utført i mange ulike land.

Rådet legg vekt på at det må ha vore kjend for selskapet at ein del av kundane er skulda for svært grove krenkingar av menneskerettane. Rådet meiner også at overvaking av politiske motstandarar og minoritetar er ein pårekeleg risiko for selskapet ut frå dei produkta og tenestene det tilbyr.

Kva gjeld risikoen framover i tid, legg rådet vekt på at det så seint som i desember 2021 kom fram informasjon om at Cognyte sine løysingar hadde vorte nytta til å overvake politikarar og journalistar. Rådet meiner informasjonen som Cognyte har delt, ikkje i tilstrekkeleg grad svarar på dei alvorlege skuldingane som er retta mot selskapet. Rådet har særleg vore interessert i å forstå kva tiltak selskapet har sett i verk for å unngå å verte involvert i slike normbrot i framtida, men har berre fått heilt overordna svar frå selskapet. Rådet konkluderer derfor med at det er ein uakseptabel risiko for medverknad til menneskerettsbrot.

# Innhald

<b>1</b>	<b>Innleiing</b>	<b>1</b>
	1.1 Kva rådet har teke stilling til	1
	1.2 Menneskerettar og overvakingsteknologi	2
	1.3 Kjelder	3
<b>2</b>	<b>Om selskapet</b>	<b>3</b>
<b>3</b>	<b>Skuldingar om medverknad til menneskerettsbrot</b>	<b>4</b>
<b>4</b>	<b>Informasjon frå selskapet</b>	<b>6</b>
<b>5</b>	<b>Etikkrådet si vurdering</b>	<b>7</b>
<b>6</b>	<b>Tilråding</b>	<b>8</b>

# 1 Innleiing

Etikkrådet for Statens pensjonsfond utland (SPU) har vurdert fondet si investering i Cognyte Software Ltd<sup>1</sup> (Cognyte) opp mot retningslinjer for observasjon og utelukkning frå SPU (dei etiske retningslinjene).<sup>2</sup> Tilrådinga gjeld menneskerettsbrot som kan vere mogeleggjort av selskapet sine produkt og tenester.

Cognyte er eit israelsk programvareselskap som leverer produkt og tenester innan overvaking. Cognyte var tidlegare ein del av Verint Systems (Verint), men vart etablert som eit sjølvstendig selskap i 2021.<sup>3</sup> Selskapet er børsnotert på Nasdaq-børsen i USA.

Ved utgangen av 2021 eigde SPU aksjar for 79 millionar norske kroner i selskapet, tilsvarande en eigardel på 0,87 prosent.

## 1.1 Kva rådet har teke stilling til

Etikkrådet har vurdert fondet si investering i Cognyte opp mot dei etiske retningslinjene § 4 bokstav a: «Observasjon eller utelukkelse kan besluttes for selskaper der det er en uakseptabel risiko for at selskapet medvirker til eller selv er ansvarlig for (...) grove eller systematiske krenkelser av menneskerettighetene.»

I vurderinga av om selskapet har medverka til grove eller systematiske krenkingar av menneskerettane nyttar rådet internasjonalt anerkjende konvensjonar og autoritative tolkingar av desse. Denne tilrådinga byggjer i hovudsak på retten til fridom og tryggleik, fridom frå tortur og retten til privatliv, slik dei er beskytta i FN sine konvensjonar mot tortur og om sivile og politiske rettar. Begge konvensjonane forbyr diskriminering på grunnlag som etnisitet, religion og seksuell orientering.<sup>4</sup> Rådet legg også vekt på FN sine rettleiande prinsipp for næringsliv og menneskerettar.<sup>5</sup> I vurderinga av alvoret i normbrota, legg rådet vekt på konsekvensane og omfanget av krenkingane og i kva grad det er mogeleg å avbøte konsekvensane. Rådet legg også vekt på om normbrota rammar særleg sårbare grupper.

Sjølv om det er statar og ikkje selskap som er forplikta etter internasjonale menneskerettskonvensjonar, kan selskap seiast å medverke til menneskerettskrenkingar. Etikkrådet tek ikkje stilling til om statar har ansvar for eventuelle menneskerettsbrot. Det er tilstrekkeleg å konstatere at det aktuelle selskapet opptre på en slik måte at det vil innebere medverknad til grove eller systematiske krenkingar av internasjonalt anerkjende menneskerettar.

I vurderinga av om eit selskap kan seiast å medverke til krenking av menneskerettane, legg rådet til grunn at det må det vere ein samanheng mellom selskapet si verksemd og dei aktuelle normbrota, og selskapet må anten ha medverka aktivt til brotet eller kjent til normbrota utan å

---

<sup>1</sup> Issuer ID: 66664579

<sup>2</sup> Retningslinjer for observasjon og utelukkelse av selskaper fra Statens pensjonsfond utland, <https://lovdata.no/forskrift/2014-12-18-1793>

<sup>3</sup> Cognyte, *Our Story*, <https://www.cognyte.com/about/>

<sup>4</sup> FN sitt menneskerettsråd, *Discriminatory laws and practices and acts of violence against individuals based on their sexual orientation and gender identity*, 2011 [https://www.ohchr.org/documents/issues/discrimination/a.hrc.19.41\\_english.pdf](https://www.ohchr.org/documents/issues/discrimination/a.hrc.19.41_english.pdf)

<sup>5</sup> FN sin høgkommissær for menneskerettar, FN sine rettleiande prinsipp for næringsliv og menneskerettar, 2011 [https://www.ohchr.org/documents/publications/GuidingprinciplesBusinesshr\\_eN.pdf](https://www.ohchr.org/documents/publications/GuidingprinciplesBusinesshr_eN.pdf)

gjere noko for å hindre dei. Rådet har i ei tidlegare tilråding kome fram til at utvikling og sal av overvakingssystemer hadde mogeleggjort grove brot på menneskerettane.<sup>6</sup>

Normbrota må vere pågåande, eller det må vere ein uakseptabel risiko for at krenkingar kan skje i framtida. I vurderinga av risikoen for nye krenkingar kan tidlegare normbrot gi ein indikasjon på framtidige handlingsmønster. Rådet legg vekt på kva selskapet gjer for å hindre normbrot, og da særleg selskapet sine overordna retningslinjer for menneskerettsarbeidet (*policy*) og korleis desse vert implementert i praksis, for eksempel gjennom aktsemdsvurderingar (*due diligence*), styringssystem og rettleiing på operasjonelt nivå.

## 1.2 Menneskerettar og overvakingsteknologi

I august 2021 bad ei gruppe FN-ekspertar medlemsstatane i FN om å innføre eit *globalt moratorium* på sal og overføring av overvakingsteknologi. Ekspertane meinte det var naudsynt å stanse slik handel fram til det var kome på plass robust regulering som kunne sikre at teknologien vert brukt i tråd med menneskerettane.<sup>7</sup> Ekspertane var svært uroa over at sofistikerte og inngripande verktøy vert brukt for å overvake, skremme og stilne menneskerettsforsvararar, journalistar og politiske motstandarar. Ekspertane meinte slik framferd i var strid med retten til ytringsfridom, privatliv og fridom, og at teknologien kunne sette hundrevis av liv i fare. I fråsegna frå ekspertane vert det vist til ein rapport frå FN's spesialrapportør for ytringsfridom frå 2019 der det også vart teke til orde for stopp i handel med overvakingsteknologi. I rapporten drøftar også spesialrapportøren selskapa si rolle i problemkomplekset:

*Because the companies in the private surveillance industry operate under a cloak of secrecy, the public lacks any information about the way in which they may – if at all – consider the human rights impacts of their products. Given the nature of the industry and the widespread use of its products for purposes that are inconsistent with international human rights law, it is difficult to imagine that they do in fact take such impacts into account. Put another way: given the broad public knowledge of the repression practised by many of their clients, the companies cannot seriously claim to lack insight into the repressive uses of their tools.<sup>8</sup>*

Spesialrapportøren tilrår at selskap i denne sektoren bør gjere grundige aktsemdsvurderingar for å hindre medverknad til menneskerettsbrot og sette i verk robuste tiltak for å hindre misbruk av selskapa sine produkt og tenester. Dei same forventingane til selskapa følgjer av publikasjonen “*Navigating the surveillance technology ecosystem: A human rights due diligence guide for investors*” som er publisert av *Business and Human Rights Resource Centre* og fleire organisasjonar. I rettleiinga vert det illustrert korleis ulike typar overvakingssystemer negativt kan påverke ulike menneskerettar, her under retten til fridom og tryggleik, fridom frå tortur og retten til privatliv.<sup>9</sup> Rettleiinga viser også til ulike risikofaktorar knytt til selskap. Til dømes går det fram at det er høg risiko knytt til selskap som har heile

<sup>6</sup> Etikkrådet, Hangzhou Hikvision Digital Technology Co Ltd, 18. september 2020  
<https://etikkradet.no/hangzhou-hikvision-digital-technology-co-ltd-2/>

<sup>7</sup> FN sin høgkommissær for menneskerettar, *Spyware scandal: UN experts call for moratorium on sale of ‘life threatening’ surveillance tech*, 14. august 2021  
<https://www.ohchr.org/EN/NewsEvents/Pages/DisplayNews.aspx?NewsID=27379&LangID=E>

<sup>8</sup> FN sitt menneskerettsråd, *Surveillance and human rights, Report of the Special Rapporteur on the promotion and protection of the right to freedom of opinion and expression*, 28. mai 2019,  
<https://undocs.org/A/HRC/41/35>

<sup>9</sup> Business and Human Rights Resource Centre m.fl., *Navigating the surveillance technology ecosystem: A human rights due diligence guide for investors. Annex 1*, mars 2022  
[https://www.accessnow.org/cms/assets/uploads/2022/03/2022\\_STAP\\_Guide.pdf](https://www.accessnow.org/cms/assets/uploads/2022/03/2022_STAP_Guide.pdf)

verksemda si innan overvakingsteknologi, manglar ein tydeleg menneskerettspolicy og som har vore knytt til fleire alvorlege menneskerettskrenkingar utan å adressere desse.

### 1.3 Kjelder

Rådet har nytta offentleg tilgjengeleg informasjon, mellom anna frå offentlege organ, FN, sivilt samfunn og media. Rådet har også vore i kontakt med selskapet.

## 2 Om selskapet

Cognyte omtalar seg sjølv som ein global leiar innan programvare for tryggleiksanalyse.<sup>10</sup> Selskapet vart etablert i mai 2020 og vart i 2021 gjort om til eit sjølvstendig børsnotert selskap etter tidlegare å ha vore ein del av Verint. Første februar 2021 erklærte Verint at utskiljinga av eininga for *Cyber Intelligence Solutions* var fullført og ville bli vidareført i det ny-etablerte selskapet Cognyte.<sup>11</sup> Som følgje av utskiljinga overførte Verint heile verksemda frå den tidlegare eininga til det nye selskapet, inkludert kundar, tilsette og kontorfasilitetar. I årsrapporten skriv Cognyte at det meste av inntektene deira kjem frå eksisterande kundar.<sup>12</sup> Selskapet har også inngått fleire langvarige kontraktar,<sup>13</sup> som er vanleg i tryggingsektoren.<sup>14</sup>

Cognyte opplyser at det har over 1000 offentlege og private kundar, inkludert nasjonale tryggingstenester, i meir enn 100 land. Hovuddelen av Cognyte sine inntekter kjem frå tenester selt til nasjonale styresmakter i ulike land. Selskapet har rundt 2000 tilsette, som for det meste er basert i Israel.

Selskapet omtalar verksemda si slik:

*Cognyte is a global leader in investigative analytics software that empowers governments and enterprises with Actionable Intelligence for a Safer World™. Over 1,000 government and enterprise customers rely on Cognyte's solutions to accelerate and conduct investigations and derive insights, with which they identify, neutralize, and tackle threats. Our open analytics software fuses, analyzes, and visualizes disparate data sets at scale to help organizations find the needles in the haystacks and transform data into insights they can act upon, fast. We empower our customers to address a broad range of security challenges, including threats to national security, business continuity, and cyber security.*<sup>15</sup>

Selskapet har vidare rapportert at det tilbyr kundane “a powerful analytics platform with a rich set of analytics engines, artificial intelligence and machine learning models, workflows, data governance, and visualization tools.” Plattformen som selskapet leverer, bruker data frå kundane, og kan integrerast med løysingane kundane allereie bruker. Selskapet leverer spesialtilpassa programvare og tilbyr omfattande opplæring og service til kundane.

---

<sup>10</sup> Cognyte, *About us*, <https://www.cognyte.com/about/>

<sup>11</sup> United States Securities And Exchange Commission, Filing by Cognyte Software Ltd, page 52, 13 January 2021 <https://www.sec.gov/Archives/edgar/data/0001824814/000119312521008526/d52351d20fr12ba.htm>

<sup>12</sup> Cognyte Software Ltd., *Annual Report 2021* filed to US SEC <https://cognyte.gcs-web.com/static-files/798ceabb-7dfa-4492-874b-7d236e86ce37>

<sup>13</sup> Cognyte Software Ltd., *Annual Report 2021* filed to US SEC

<sup>14</sup> Dette kan ha fleire grunnar, mellom anna såkalla «teknisk innlåsing» som inneber at det er vanskeleg for brukaren å bytte leverandør fordi programvara inngår i ein større samanheng der fleire produkta er tilpassa kvarandre. Tilsette hjå leverandøren må også i mange tilfelle verte tryggleiksklarert for å kunne implementere produkta, noko som kan vere ein langvarig og ressurskrevjande prosess.

<sup>15</sup> Cognyte, *Our Story*, <https://www.cognyte.com/about/?source=SocialOrg>

Ein artikkel i tidsskriftet Forbes om tapping av informasjon frå smarttelefonar omtaler Verint og Cognyte slik:

*It sells all manner of spy tools, including one that can locate any individual to the nearest cell tower with just their telephone number. Combining that with advertising data, which provides more specific coordinates of a device's whereabouts, would likely yield the location of many individuals.<sup>16</sup>*

### 3 Skuldingar om medverknad til menneskerettsbrot

I undersøkingar av medverknad til menneskerettsbrot i tryggleikssektoren er det ei ibuande utfordring at dei aktuelle produkta og tenestene er meint å operere i det skjulte. Det er likevel kome fram ein del informasjon om selskapet si tilknytning til menneskerettsbrot i fleire land.

#### *Rapport frå Meta*

I ein rapport frå selskapet Meta frå desember 2021 med tittelen “*Threat Report on the Surveillance-for-Hire Industry*” kjem det fram at Meta har gjort ei større undersøking av private overvakingstenester som nyttar Meta sine plattformer for å overvake og påverke enkeltpersonar, inkludert Cognyte.<sup>17</sup> Av rapporten følgjer det:

*While these “cyber mercenaries” often claim that their services only target criminals and terrorists, our months-long investigation concluded that targeting is in fact indiscriminate and includes journalists, dissidents, critics of authoritarian regimes, families of opposition members and human rights activists.<sup>18</sup>*

Det går vidare fram at Cognyte har oppretta ei rekkje falske profilar på Meta sine plattformer «*to social-engineer people and collect data*».<sup>19</sup> Ifølgje rapporten hadde Cognyte kundar i Israel, Serbia, Colombia, Kenya, Marokko, Mexico, Jordan, Thailand, og Indonesia. Måla for overvakinga var mellom anna journalistar og politikarar rundt om i verda. Av rapporten følgjer det at Meta har sletta rundt 100 kontoar oppretta av Cognyte, at selskapa som er omtala i rapporten er blokkert frå å bruke plattformene og at fleire har fått ei åtvaring for brot på Meta sine bruksvilkår.

#### *Sør Sudan*

I ein rapport frå Amnesty International frå februar 2021<sup>20</sup> kjem det fram at Verint skal ha ytt avlyttingsutstyr og støttetjenester til styresmaktene i Sør Sudan, inkludert dei nasjonale tryggingstyrkane, som er skulda for svært grove menneskerettsbrot, inkludert vilkårleg arrestasjon, tortur og drap.<sup>21</sup>

---

<sup>16</sup> Forbes, *Exclusive: Israeli Surveillance Companies Are Siphoning Masses Of Location Data From Smartphone Apps*, 11. desember 2020 <https://www.forbes.com/sites/thomasbrewster/2020/12/11/exclusive-israeli-surveillance-companies-are-siphoning-masses-of-location-data-from-smartphone-apps/?sh=4c32ef6438fc>

<sup>17</sup> Meta, *Threat Report on the Surveillance-for-Hire Industry*, desember 2021 <https://about.fb.com/wp-content/uploads/2021/12/Threat-Report-on-the-Surveillance-for-Hire-Industry.pdf>

<sup>18</sup> Meta, 2021 s. 2

<sup>19</sup> Meta-rapporten omtaler omgrepet slik: «(...) the operators typically rely on social engineering tactics and use fictitious personas to reach out to people via email, phone calls, text messages, or direct messages on social media. (...) The social engineering aims can range from obtaining sensitive information desired by the client to targeting the individual with malware to enable full-device digital surveillance.»

<sup>20</sup> Amnesty International, *South Sudan: “These walls have ears”: The chilling effect of surveillance in South Sudan*, 2. februar 2021, <https://www.amnesty.org/en/documents/afr65/3577/2021/en/>

<sup>21</sup> Sjø tilrådinga om Oil & Natural Gas Corp Ltd, <https://etikkradet.no/oil-natural-gas-corp-ltd/>

Verint skal ha ytt tenestene gjennom eit telekommunikasjonsselskap som hadde verksemd i Sør-Sudan fram til 2018. Amnesty skal ha sett dokument som viser at telekomselskapet betalte minst 762 236 USD til Verint i perioden 2015 til 2017 etter krav frå styresmaktene i landet. Selskapet svarte ikkje på Amnesty sine spørsmål om saka.

Allereie tilbake i 2016 namngav Associated Press (AP) Verint som ein mogeleg leverandør av overvakingssystem til Sør Sudan.<sup>22</sup> I oktober 2018 opplyste den israelske avisa Haaretz at Verint leverte tenester til landet etter å ha snakka med ein tidlegare tilsett i selskapet.<sup>23</sup> I 2016 kom det også fram i eit brev frå FN's ekspertpanel for Sør-Sudan at styresmaktene i landet hadde skaffa seg israelsk overvakingssystem.<sup>24</sup> I brevet går det fram at tryggingstenesta si mogelegheit «*to identify and illegally apprehend individuals has been significantly enhanced since the beginning of the conflict because it has acquired additional communications interception equipment from Israel*».

### Aserbajdsjan

I artikkelen frå Haaretz frå 2018 kom det også fram at Verint skal ha selt programvare for spionasje og etterretningsinnhenting til Aserbajdsjan.<sup>25</sup> Avisa siterer ein person som skal ha hatt opplæring i Verint sine produkt og tenester i landet, og som sa at han blei spurt om korleis ein kunne finne ut «*sexual inclinations*» via Facebook. Overgrep mot personar på grunn av deira seksuelle orientering eller kjønnsuttrykk i Aserbajdsjan er godt dokumentert, mellom anna av Human Rights Watch (HRW).<sup>26</sup> Overgrepa inkluderer vilkårleg arrestasjon og tortur, mellom anna ved bruk av elektroshokk. Slike overgrep har også vore handsama av den Europeiske menneskerettsdomstolen i Strasbourg.<sup>27</sup>

### Indonesia

Det er rapportert at Verint sine produkt kan ha mogeleggjort menneskerettsbrot i Indonesia.<sup>28</sup> Mellom anna opplyste ei kjelde at Verint sine system hadde vorte nytta til å lage ei oversikt over aktivistar som jobbar for rettane til homofile, bifile og transpersonar. Ei anna kjelde fortalde om målretta overvaking av religiøse minoritetar. Overgrep mot seksuelle og religiøse minoritetar i Indonesia er godt dokumentert av HRW og andre.<sup>29</sup>

### Bahrain

Det er rapportert at Verint har levert overvakingssystem til styresmaktene i Bahrain som mellom anna er brukt til å overvake personar via sosiale medium.<sup>30</sup> Det er kjend at

---

<sup>22</sup> Associated Press, *Snapping up cheap spy tools, nations 'monitoring everyone'*, 2. august 2016 <https://apnews.com/article/736dd5c3aa644cd499d6f6da8b9e5974>

<sup>23</sup> Haaretz, *Revealed: Israel's Cyber-spy Industry Helps World Dictators Hunt Dissidents and Gays*, 20. oktober 2018 <https://www.haaretz.com/israel-news/.premium.MAGAZINE-israel-s-cyber-spy-industry-aids-dictators-hunt-dissidents-and-gays-1.6573027>

<sup>24</sup> UN Panel of Experts on South Sudan, *Letter to the to the President of the Security Council*, 22 January 2016 <https://digitallibrary.un.org/record/817920>

<sup>25</sup> Haaretz (2018)

<sup>26</sup> Human Rights Watch, *Azerbaijan: Anti-Gay Crackdown*, 3. oktober 2017 <https://www.hrw.org/news/2017/10/03/azerbaijan-anti-gay-crackdown>

<sup>27</sup> European Court of Human Rights, *A v Azerbaijan (no. 17184/18)*, 26. februar 2019 <https://hudoc.echr.coe.int/eng#%7B%22appno%22:%5B%2217184/18%22%5D,%22itemid%22:%5B%22001-192028%22%5D%7D>

<sup>28</sup> Haaretz (2018)

<sup>29</sup> Sjø til dømes Human Rights Watch, *Religious Minorities in Indonesia Face Discrimination*, 2020 <https://www.hrw.org/news/2020/12/24/religious-minorities-indonesia-face-discrimination>, *The Human Cost of Indonesia's Blasphemy Law*, 2018 <https://www.hrw.org/news/2018/10/25/human-cost-indonesias-blasphemy-law> og *Human Rights Watch World Report 2021, Indonesia Events of 2020* <https://www.hrw.org/world-report/2021/country-chapters/indonesia>

<sup>30</sup> Haaretz (2018)



styresmaktene i dette landet har slått svært hardt ned på kritikarar av det sittande regimet.<sup>31</sup> Det er også rapportert at myndigheitene har nytta overvakingstenester frå ein annan leverandør til å innhente informasjon om motstandarar av regimet, som så har blitt utsette for tortur.<sup>32</sup>

#### *Andre land*

I tillegg til landa som er omtalt over, har det kome fram informasjon om at selskapet sine tenester er selt til ei rekkje andre land og kan ha vorte involvert i normbrot i nokre av desse, inkludert Uzbekistan, Kazakhstan,<sup>33</sup> Colombia<sup>34</sup> og Peru.<sup>35</sup>

## 4 Informasjon frå selskapet

Etikkrådet har hatt skriftleg korrespondanse med selskapet i perioden frå juli 2021 til juni 2022. Selskapet skriv at det respekterer menneskerettane, at selskapet er eit av dei mest ansvarlege innan sin sektor, og at selskapet sine produkt og tenester fremjar menneskerettane ved å førebyggje terrorisme og kriminalitet. Sjølv om selskapet sine løysingar alltid vert selt for lovlege og legitime føremål, kan selskapet ikkje fullt ut sikre seg mot at tenestene vert misbrukt. Selskapet er vidare tydeleg på at det følgjer alle gjeldande lover og regler, samt selskapets eigne *Code of Conduct* og *Third-Party Code of Conduct*.<sup>36</sup>

Cognyte skriv vidare at selskapet adresserer menneskerettslege problemstillingar gjennom sine interne undersøkingar, retningslinjer, opplæring mv. Selskapet har også nytta utskiljinga frå Verint til å forbetre sine system og retningslinjer for etterleving. Selskapet hadde ikkje høve til å kommentere på konkrete skuldingar. Kva gjeld rapporten frå Meta, har selskapet uttala at det har vore i dialog med Meta, og at Meta ikkje hadde teke «*any actions against Cognyte*». Selskapet svara ikkje på om det stemte at selskapet hadde motteke ei åtvaring, var utelukka frå plattformene, og at kontoar hadde vorte sletta.

I selskapet sin årsrapport for 2021 drøftar selskapet menneskerettsspørsmål under overskrifta «*Reputational and political factors related to our business or operations may adversely affect us*».<sup>37</sup> Selskapet kommenterer mellom anna Meta-rapporten og seier Meta fann at Cognyte hadde nytta plattformen i strid med vilkåra for bruk. Selskapet seier vidare at sal av tenester og produkt til land som vert oppfatta til å ha ei dårleg menneskerettssituasjon, kan føre til negativ omtale for Cognyte og omdømmeskade, sjølv om verksemda er lovleg der den skjer. Selskapet seier vidare at enkelte av produkta som det sel, vert oppfatta å vere særleg kraftfulle og påtrengande, og at sivilt samfunn og andre derfor har eit særleg kritisk søkelys på selskapet. Slik negativ omtale kan også føre til omdømmetap. Selskapet meiner dette er ein risiko som kan auke etter kvart som dei utvidar verksemda si.

---

<sup>31</sup> Human Rights Watch, *Human Rights Watch World Report 2021, Bahrain Events of 2020*  
<https://www.hrw.org/world-report/2021/country-chapters/bahrain>

<sup>32</sup> Bloomberg, *Torture in Bahrain Becomes Routine With Help From Nokia Siemens*, 22. august 2011,  
<https://www.bloomberg.com/news/articles/2011-08-22/torture-in-bahrain-becomes-routine-with-help-from-nokia-siemens-networking>

<sup>33</sup> Privacy International, *Private Interests: Monitoring Central Asia*, 12. november 2014  
<https://privacyinternational.org/report/837/private-interests-monitoring-central-asia>

<sup>34</sup> Privacy International, *Press Release: Companies From The UK, The US, And Israel Provided Mass Surveillance Capabilities To Colombian Security Services*, 2. september 2015  
<https://privacyinternational.org/press-release/712/press-release-companies-uk-us-and-israel-provided-mass-surveillance-capabilities>

<sup>35</sup> Haaretz (2018)

<sup>36</sup> Cognyte, *Ethics and Code of Conduct*, <https://www.cognyte.com/code-of-conduct/>

<sup>37</sup> Cognyte, *Annual Report 2021 filed to US SEC*

## 5 Etikkrådet si vurdering

Etikkrådet har vurdert SPU si investering i Cognyte opp mot menneskerettskriteriet i dei etiske retningslinjene.

Spørsmålet i denne saka er om det er ein uakseptabel risiko for at selskapet gjennom sal av produkt og tenester kan ha mogeleggjort grove normbrot. Fleire av statane som skal vere blant selskapet sine kundar, er skulda for svært grove menneskeretsbrot inkludert bortføring, tortur og andre former for mishandling retta mot sårbare grupper, mellom anna seksuelle minoritetar. Skuldingane er omfattande og har vorte utført i mange ulike land.

Rådet meiner at skuldingane som gjeld Verint er relevante for vurderinga av investeringa i Cognyte ettersom Cognyte er ei vidareføring av overvåkingsverksemda til Verint. Cognyte rapporterer sjølv at kring 90 prosent av inntektene til selskapet kjem frå eksisterande kundar. Langvarige kontraktar er også vanleg i denne bransjen.

Sjølv om rådet ikkje har teke stilling til moratoriet som er føreslått av FN-ekspertar, legg rådet til grunn at overvakingsteknologi kan sette statar i stand til å gjere menneskeretsbrot. Basert på informasjonen som er tilgjengeleg, meiner rådet at dette kan vere tilfelle for Cognyte sine produkt og tenester. Selskapet sine løysingar er ifølgje selskapet sjølv kraftfulle, og offentleg tilgjengeleg informasjon tilseier at løysingane kan innebere ei betydeleg styrking av kundane sin mogelegheit til å overvake måla. Selskapet yt spesialtilpassa teknologiske løysingar, samt opplæring, service og vedlikehald. Selskapet har på si side forklart at produkta og tenestene det leverer, fremjar menneskerettane fordi ein kan hindre til dømes kriminalitet og terror. Rådet ser ikkje ein motsetnad mellom at produkta kan ha eit slikt føremål og effekt, og samstundes verte brukt til å mogeleggjere grove overgrep.

Rådet har merka seg rapportar og vitneutsegn som tydar på at selskapet sine produkt og tenester mellom anna er brukt til å overvake politiske motstandarar og etniske og seksuelle minoritetar i land som Sør-Sudan, Aserbajdsjan, Indonesia og Bahrain. Rådet legg vekt på at det må ha vore kjend for selskapet at ein del av kundane er skulda for svært grove krenkingar av menneskerettane. Rådet meiner også at skuldingane som har kome fram, slik som overvaking av politiske motstandarar og utsette minoritetar, er noko som er ein pårekneleg risiko for selskapet ut frå dei produkta som dei sel. Kva gjeld risikoen framover i tid, legg rådet vekt på at det så seint som i desember 2021 kom fram informasjon om at Cognyte sine tenester hadde vorte nytta til å overvake politikarar og journalistar.

I dialog med rådet har selskapet vist til sine interne retningslinjer, men desse dokumenta inneheld ikkje informasjon om risikoen for menneskeretsbrot som denne saka omhandlar. I selskapet si årsmelding vert menneskerettar primært omtalt i samband med risiko for omdømmetap. Rådet meiner informasjonen som selskapet har delt, ikkje i tilstrekkeleg grad svarar på dei alvorlege skuldingane som er reist. Rådet har særleg vore interessert i å forstå korleis selskapet vil unngå å verte involvert i slike normbrot i framtida, men har berre fått heilt overordna svar. Ut frå tilgjengeleg informasjon er det altså ikkje mogeleg å slå fast at selskapet har sett i verk gode tiltak for å hindre å verte involvert i nye normbrot i framtida. Rådet konkluderer derfor med at det er ein uakseptabel risiko for at Cognyte medverkar til grove menneskeretsbrot.

## 6 Tiltråding

Etikkrådet tilrår å utelukke Cognyte Software Ltd frå Statens pensjonsfond utland.

\*\*\*

Johan H.  
Andresen  
Leder

(Sign.)

Svein Richard  
Brandtzæg

(Sign.)

Cecilie  
Hellestveit

(Sign.)

Trude  
Myklebust

(Sign.)

Siv Helen Rygh  
Torstensen

(Sign.)